



Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga

Dato: 31.01.2017

Vår ref.: 2016/34919-14

Sakshandsamar: Endre Korsøen

Telefon: 917 64 632

Lingalaks AS org. nr. 960900626 - Søknad om utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 27.01.2017 svara fylkeskommunen på søknaden frå Lingalaks AS av 22.12.2016 om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse og endring og flytting av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 14018 Toska Sør i Radøy kommune.

I brevet vert det konkludert med at lokaliteten ligg utanfor areal som er sett av til akvakultur i arealdelen av kommuneplanen, og at ein etter forureiningslova § 11 ikkje kan gje samtykke til tiltaket i strid med arealplanen. På grunn av dette vel fylkesmannen å la vera å handsama søknaden.

Hordaland fylkeskommune viser til oversending frå fylkeskommunen til sektormynde 23.12.2016. I dette brevet er planstatus skildra slik: «*I kommuneplan for Radøy 2011-2023 vedteke 29.09.2011 er anleggsplasseringa hovudsakleg omsøkt i område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatn og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon. Seks fortøyinger med ankerfeste mot nordvest er tenkt plassert i areal avsett til akvakultur. Sidan akvakultur er sidestilt med dei andre føremåla i dette fleirbruksområdet er det ikkje trong for ein eigen søknad om dispensasjon, men kommunen bør vurdere verknaden av tiltaket opp mot dei andre fleirbrukskategoriane i området.*»

Hordaland fylkeskommune har lagt til grunn at søknader kor lokaliteten ligg i fleirbruksområder inklusiv akvakulturområde ikkje er i strid med plan. Vidare har vi dersom området er sett av til fleirbruksområde med akvakultur utan nærmere føresegner som styrer lokalisering av akvakulturanlegg lagt til grunn at lokalitet kan klarerast etter akvakulturlova.

Radøy kommune har uttalt at plassering av oppdrettsanlegg innafor området for bruk og vern av sjø og vassdrag er i tråd med arealføremålet i arealplanen.

Søknaden ligg ute til offentleg ettersyn fram til 21.02.2017, etter dette vil kommunen handsame søknaden, og kommunal uttale med innkomne merknader vil på vanleg måte bli ettersend til fylkesmannen.

Fylkeskommunen ber om at fylkesmannen handsamar søknaden på vanleg måte, noko som inneber handsaming med vedtak etter forureiningslova og vurderingar i høve naturvern, friluftsliv, vilt, lakse- og innlandsfiskeinteresser og naturmangfaldlova.

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Radøy kommune
Mattilsynet Region Sør og Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest
Kystverket Vest
Lingalaks AS